

Innkalling

Utval: Sula kontrollutval
Møtestad: Sula rådhus, møterom 4. etg.
Dato: 21.05.2025
Tidspunkt: 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 926 11735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

- PS 11/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 12/25 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024.
- PS 13/25 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 Arbeid mot fattigdom i Sula kommune.
- PS 14/25 Meldingar og skriv
- MS 05/25 Høyring om tilrådingar for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder

Ålesund, 14.05.2025

Trygve Holm
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/25	Sula kontrollutval	21.05.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Sula kontrollutval - 02.04.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 12/25	Sula kontrollutval	21.05.2025

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024. Handsaming i Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Etter ei samla vurdering av det kontrollutvalet har fått lagt fram og i dialog med revisor, uttaler kontrollutvalet at Sula kommunestyre kan godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024 for Sula kommune.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen gjeng føre i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, jf. kommunelova § 23-2. Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Kommunelova stiller ei rekke nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må varetakast over tid, planar for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kommunelova forsterkar altså desse krava og legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne bestemmingar. Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak, jfr. kommunelova si § 14-3.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 21. mai 2025 handsame årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024 for Sula kommune som er lagt fram av kommunedirektøren og dessutan tilhøyrande revisjonsmelding datert 11. april 2025.

Kommunen har i 2024 eit netto negativt driftsresultat på 42.317.814 kr. Revisor har i revisjonsmeldinga ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen eller årsmeldinga.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemma kva uttalen frå kontrollutvalet til årsrekneskap og årsmelding skal innehalda. Verken kommunelova eller kontrollutvalsforskrifta stiller konkrete krav til innhaldet, ut over at den skal knyta seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsmelding.

Konklusjon:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine aktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og etter ei samla vurdering, tilrår kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmeldinga for 2024 blir godkjent slik den ligg føre.

Dette bygger på ulike orienteringar og saker frå kommunerevisjonen i løpet av året.

Kontrollutvalet har fått presentert revisjonsplan, forenkla etterlevingskontroll og interimrevisjon. Slik sett har kontrollutvalet eit godt fagleg grunnlag for å gje sin uttale. Revisjonsmeldinga er ei normalmelding gitt utan atterhald. Dette betyr at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i kommunen sin rapportering.

Kontrollutvalet er ikkje kjent med andre forhold i dialog med revisor som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet, jfr kommunelova § 14-3.

Vedlegg

Årsrekneskap 2024 inkludert noter

Årsmelding 2024 - Sula kommune

Rapport etter årsoppgjæret 2024 - Sula kommune

Revisjonsmelding 2024 - Sula kommune

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
PS 13/25	Sula kontrollutval	21.05.2025

Rapport frå forvaltningsrevisjon 2025 Arbeid mot fattigdom i Sula kommune.

Handsaming i Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet ber om at rapporten frå forvaltningsrevisjon “Arbeid mot fattigdom i Sula kommune” vert handsama som eiga sak i kommunestyret, utan ugrunna opphald.

Kontrollutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev, i rapport frå forvaltningsrevisjon innan arbeid mot fattigdom i Sula kommune.
2. Kommunestyret bed kommunedirektøren merke seg konklusjonane og tilrådingane i rapporten, og sette i verk dei tiltak som kjem fram i rapporten si tilråding.
3. Kommunestyret bed kommunedirektøren om å rapportere skriftleg til kontrollutvalet på oppfølging av rapporten innan oktober 2025 slik at kontrollutvalet kan følge opp arbeidet på sitt møte 19. november 2025.

Bakgrunnsinformasjon:

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet har ei plikt til å gjennomføre forvaltningsrevisjon både i kommunen og i selskap kommunen har eigarinteresser i.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte.

Sula kontrollutval vedtok i sitt møte 13. november 2024 å bestille ein prosjektplan for arbeid mot fattigdom i Sula kommune. Prosjektplana var diskutert og handsama i møte 12. februar 2025 i tråd med tilrådinga. Sula kontrollutval gav sine innspel til revisor, som tok desse med vidare inn i sitt arbeid med forvaltningsrevisjonen.

Problemstillingar:

Problemstillingane i undersøkinga har vore:

1. Har Sula kommune kunnskap om innbyggjarane sine levekår?
2. Sikrar Sula kommune at unge vaksne og barn og unge i låginntektsfamiliar får støtte til å oppnå sjølvstende og betre levekår?
3. Har Sula kommune heilskapelege tiltak som førebyggjer eller avgrensar fattigdom?

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA har oppdragsansvarleg revisor Terje Gundersen - Røvik og forvaltningsrevisor Ingvild Bye - Fugelsøy utført revisjonen.

Vurdering:

Møre og Romsdal Revisjon SA har levert ein rapport som set lys på dei områda kontrollutvalet har bestilt revisjon på, innan arbeid mot fattigdom i Sula kommune. Rapporten startar med eit samandrag som viser til konklusjonane revisor gjer og kva råd som revisor gir, med bakgrunn i funna.

Sekretariatet vurderer det som naturleg at kontrollutvalet byggjer sin uttale på revisor sine råd, når utvalet skal gje si tilråding til kommunestyret.

I rapporten kjem det greitt fram kva metode som er nytta og korleis revisor har gjennomført forvaltningsrevisjonen. Mykje av det arbeidet Sula kommune gjer mot fattigdom får god omtale av revisjonen. Spesielt samarbeidet mellom kommunen og frivilligheita blir trekt fram som et godt døme. Det er likevel slik at det bør sjåst nærare på dei områda som kan gjerast betre. I kapittel 5 på side 32 og 33, konklusjon og tilrådingar, kjem det tydeleg fram punkt til forbetring. Revisor peikar på fleire lærings- og forbetningspunkt i si tilråding.

På problemstilling 1 blir det oppmoda om å bli flinkare til å bruke tiggjengeleg informasjon, spisse arbeidd og gjere det meir målretta. Å få på plass rutinar for handtering av teikn på fattigdom blir tilrådd.

På problemstilling 2 bør ein sjå nærare på eigne tiltak for ungdom på vidaregåande skule trinnet. Ei sterkare synleggjering av kva som er kommunen sitt ansvar og kva folk må klare sjølv blir nemnd.

På problemstilling 3 fokuserer revisjonen på eit betre tverrfagleg samarbeid. Å styrke kunnskapen blant tilsette om kven som har ansvaret for dei ulike oppgåvene bør prioriterast.

Kommunedirektøren har fått rapporten både til faktasjekk og til høyring. Uttalen frå kommunedirektøren ligg ved rapporten på side 36.

Sekretariatet vil råde kontrollutvalet til å støtte opp om revisor sine konklusjonar og råd, og gjere sitt vedtak i tråd med dei.

Nokre av dei punkta som rapporten løfter fram, handlar om prioritering og bruk av tilgjengelege ressursar.

Det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat å gjere prioriteringar knytt til tildeling av ressursar. Utvalet sitt mandat er å gje informasjon til kommunestyret dersom ei slik kontrollhandling som ein forvaltningsrevisjon er, avdekkar konsekvensar av forvaltninga som kommunestyret bør kjenne til. Så er det opp til kommunestyret å gjere dei rette prioriteringane når dei gjev si budsjettramme.

Sluttført rapport er mottatt og journalført hjå sekretariatet 9. mai 2025, som er i tråd med prosjektplanen.

Det er i innleiinga i rapporten vist til kva avgrensingar som er gjort, ut frå den ramma som kontrollutvalet gav revisor for denne revisjonen. Prosjektplanen skisserte ei ramme på 300 timar. Ut frå informasjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA er prosjektet gjennomført i tråd med denne ramma.

Vedlegg

Rapport forvaltningsrevisjon 2025 - bekjemping av fattigdom

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 14/25 Sula kontrollutval

Møtedato
21.05.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

05/25 Høyring om tilrådingar for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 05/25	Sula kontrollutval	21.05.2025

Høyring om tilrådingar for sekretariata sitt arbeid ved planlegging av besøk i verksemder Handsaming i Sula kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Forum for kontroll og tilsyn i lag med NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har i samarbeid utarbeidd anbefalingar om god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata. Desse anbefalingane har tatt føre seg ulike tema, og er meint for å gje relevant veiledning til kontrollutvalsekretariata om det aktuelle temaet som anbefalinga er knytt til.

Denne gongen handlar anbefalingane om korleis sekretariatet kan organisere det, om kontrollutvalet ynskjer å nytte verksemdsbesøk som ei av dei kontrollhandlingane kontrollutvalet gjennomfører. Før anbefalingane vert vedtekne av styra i FKT og NKRF, så vert det sendt ut på høyring til alle medlemmane. For FKT sin del så består medlemsmassen av kontrollutvalsekretariata (selskapet) og kontrollutvala (kommunen). Når det gjeld NKRF så er medlemsmassen bedriftsmedlemmer (revisjonsselskap og sekretariatsselskap) og enkeltmedlemmer (tilsette som sjølv ynskjer å vere medlem).

Om Sula kontrollutval ynskjer at sekretariatet skal sende inn høyrings svar på vegne av kontrollutvalet, så må utvalet gjere vedtak om det i møtet. Høyringsfristen er sett til 15. juni 2025. Alternativt kan ein slutte seg til ein felles uttale frå alle sju kontrollutvala i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS.

Vedlegg

Høring frist 15.06.2025 – verksemdbesøk